

# Kyrkjelydsblad for Arna


*God Jul*

NR. 7

DESEMBER 2000

33. ÅRG.





## Sannferdige julebilete

### Får biskopen julekort?

**J**a, biskopen får julekort. Nokre av dei kjem frå menneske eg ikkje kjenner. Dei bur her på Vestlandet, og vil ynskje biskopen sin god jul.

Ofte har desse korta bibelske motiv, gjerne eit av Den heilage familien i stallen. Dei tenkjer nok at det må vere noko religiøst til biskopen, det høver nok for han.

**F**rå dei unge generasjonane får eg kort med støtte til Amnesty International. Det kan vere kraftige illustrasjonar som ropar av smerte og kallar på forsoning.

Venene mine sender ofte bilete av seg sjølv –. Men om vi no går til Bibelen og spør korleis julebileta ser ut der!

**D**ei er langt frå stemningsfulle og romantiske som religiøse julekort brukar å vera. Dei er nok heller ikkje så kraftige som bileta frå dei unge generasjonane: Her er det Gud som grunnleggjande handlar til vår frelse. Minst av alt liknar dei våre eigne oppkopierte sjølvportrett.

Still deg opp i «Den vesle bibelen» og sjå julebiletet derifrå: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.» (Joh. 3,16).

**S**tå saman med Paulus når han seier korleis det var: «Han gav avkall på sitt eige, tok på seg ein tenars skapnad og vart menneske lik.» (Fil. 2,7). Det er berre flott om du skimtar ditt eige andlet i det store og sannferdige julebiletet. For det er der du høyrer til! Ikkje hjelpelaust åleine eller sjølvlysande sentral. Men tett og nært vår Frelsar og bror. Det er sant, det som står i julesalmen: «Han er Frelsar min!»

Sannferdig og truverdig er Bibelen sitt julebilete!

**Ole D. Hagesæther**



Biletet på framsida er teke av Audun Mosevoll

## «Et lite barn så lystelig»



Det heiter så i ein gamal salme. Noko meir lysteleg enn eit lite barn kan ein knapt tenkje. Det stemmer til undring, takk og glede. Slik er det, og har det vore til alle tider. Det underlege er at det er nå 2000 år sidan dette lystelege

barnet kom til verda. Han er julefeiringa sitt eigentlege innhald.

Det var nok ikkje så lysteleg den gong. Det var fødsel i hast i kummerlege kår. Det var klutar til barneklede, og halm og krubbe til vogge.

Noko større kan ikkje tenkjast, og noko meir jordnært kan ein ikkje sjå.

I Betlehem vart Gud i det høgste synleg for første gong her nede. «De skal finne eit lite barn, sveipt i ei krubbe».

Gud der oppe er blitt Gud her nede. Den mektige Gud er så mektig at han kan legge av si mektigheit og framtre i ringleik. Som eit barn kom han. Den allmechtige, hjelpe- laus og avhengig av avmektige menneske. Utlevert til deira omsorg og deira sjølvhevding og makt. I dette er kjærleiken. «Kor er Guds kjærleik stor. Guds son er no vår bror.»

Vi som er tilsette i Kyrkjelydane i Arna vil ynskje alle ei signa julehelg i lag med dette «lystelege» barnet.

**K.N.**

## Kateketvikar i Arna



Gudrun Cassel Noven er ansatt som kateketvikar i Arna fram til 31.05.2001. Gudrun er født og oppvokst i Tyskland, men har bodd i Norge de siste 19 årene. Hun har lærerutdanning fra universitetet

og har undervist i skolen. I den senere tid har hun supplert utdanningen med menighetspedagogikk ved lærerakademiet. Sammen med kateket Erik Rodal er hun ansvarlig for konfirmantundervisningen dette konfirmantåret.

**Marit Skjeldal**

*Vi syng jula inn  
Onsdag 20. desember kl. 19.30  
i Arna kyrkje.*

Arr.: Arna Kyrkjekor



# Frå Bedehusland



Frå heimeweekend i Betania, Lone, søndag 22. oktober.  
Barnekoret og Jubel held konsert og framfører musikalen «Peters  
fiskefangst», for fullsett bedehus. Jubel har i dag 10 medlemmer og  
Barnekoret om lag 25 medlemmer. (Foto: Kåre Kvalvåg)

## Betania, Lone

### Desember

- Søn. 10. Møte HIM kl. 16.30.  
**Olav Vindenes og Leif Myntevik.** Eige opplegg for borna.
- Søn. 17. **Vi syng jula inn.**
- Ons. 28. Barnefest kl. 17.00 **Reidun Skurtveit.**
- Tor. 29. Julefest kl. 19.00.  
**Kenneth Foss.**

## Arna Bedehus

### Desember

- Tor. 07. **Eldretreff** kl. 17.00
- Fre. 08. **Adventfest** (KrF)
- Lør. 09. **Skulelaget**
- Tor. 28. **Familiefest** kl. 17.00

## MISJONSFEST i Arna bedehus

Den tradisjonsrike misjonsfesten som misjonsforeningane i Arna skipar til vert i Indre Arna bedehus  
**søndag 21. januar kl. 18.00.**  
Talar vert den nye generalsekretæren i Normisjon,  
**Anfin Skaaheim.**

Alle hjarteleg velkomne!

Arr.:  
NMS og Santalmisjonen  
(Normisjon)



# Julefestar i Arna

## BETANIA, LONE

Julefest fredag 29. desember kl. 19.00.  
Talar: Kenneth Foss. Juletrégong. Matøkt.

Barnefest onsdag 27. desember kl. 17.00.  
Talar: Reidun Skurtveit. Gong rundt juletreet. Leikar. Matøkt.

## TUNES BEDEHUS

Torsdag 28. desember kl. 18.00.  
Talar: Reidun Skurtveit. Leikar. Gong rundt juletreet. Matøkt.

## INDRE ARNA BEDEHUS

Familiefest, torsdag 28. januar kl. 17.00. Talar: Kjell Nese.

## YTRE ARNA

Familiefest i bedehuset, onsdag 27. desember kl. 17.00  
Talar: Kjell Nese.

Julefest i Ytre Arna bedehus lørdag 6. januar kl. 18.00.  
Talar: Audun Stølås.

## Juleadresse til misjonæranne frå Arna

Anne Kristin Risøy frå Ytre Arna skal feira jul ute på misjonsmarka. Du kan nå henne med ei julehelsing på fylgjande adresse:  
Norwegian Community School  
P.O. Box 24991  
Nairobi  
Kenya

## JULEFEST FOR DEI ELDRE

Det vert julefest for dei eldre frå Ytre Arna og Haugland på Kulturhuset Sentrum søndag 14.01.01. kl. 16.00. Tale ved prost Magne Utle. Program, bevertning og juletrégang. Musikk av Arne Musikkforening. Song av kyrkjekoret. Alle velkomne.

Helsing  
Ytre Arna sokneråd og Saniteten i Ytre Arna





# Dåpsklubben TRIPP TRAPP: Bøker og musikk for dåpsbarna



Leitar du etter gode bøker til borna? Då bør du ta ein kikk på Dåpsklubben TRIPP TRAPP, som er ein del av dåpsopplærings-tilbodet frå Den norske kyrkja.

Her får foreldre eller fadrar hjelp til å følgje opp den gode intensjonen frå dåpen. Gjennom bøker, hefter og musikk ønsker klubben å gi vidare bibelforteljingar og songskattar, og målet er å ta vare på gode tradisjonar knytta til kveldsbøn, helg og høgtid.

## For born mellom 0 og 6 år

Dåpsklubben er for alle born mellom 0 og 6 år, og materiellet er tilpassa alderen. Her vil du først og fremst finne materiell frå IKO-Forlaget og den som tidlegare var Hjemmenes Dåpsring, men du får også tilbod om kvalitetsbøker og musikk frå andre forlag.

Dåpsklubben blei starta i 1999, og er i rask vekst. Mange foreldre har gitt positive tilbakemeldingar, og dei legg vekt på at dette er ei god motvekt til mykje av det barnet elles møter i ulike medium.

Det er no to ordinære medlemspakkar i året, i tillegg til spesielle tilbod i samband med høgtidene. Du får sjølv sagt klubbrabatt som i andre bok- og musikkklubbar, og det er ikkje noko krav til minstebeløp eller lengde på medlemskapen.

## Ei ypperleg gåve

Medlemskap i Dåpsklubben Tripp Trapp er eit ypperleg gåvetips for besteforeldre, fadrar og andre som ønskjer at dei kristne vediane skal bli gitt vidare til borna. Om du melder inn eit barn som bor ein annan stad, vil du som er givar få tilsendt tilboda om materiell, medan pakkane blir sende direkte til barnet.

Ønskjer du meir informasjon, kan du ta kontakt med Dåpsklubben Tripp Trapp på telefon 22 59 53 00. Du kan også lese meir om Dåpsklubben på [www.iko.no.s](http://www.iko.no.s)



– Bøkene frå dåpsklubben er ei fin hjelp til å snakke med barnet om Gud.

Mor til gut på 4 år.

## Ser du den stjerna



*Ser du den stjerna som strålar,  
ser du ho lyser for deg.  
Gjennom eit färefullt landskap  
skal ho i dag visa veg.*

*Høyrrer du englane jublar  
saman med heile Guds hær.  
Høyrrer du røysta som ropar:  
Himmelens rike er nær.*

*Visemenn frå landet langt borte  
såg denne stjerna som brann.  
Like til Betlehem for dei,  
barnet i krubba dei fann.*

*Ser du Maria og Josef,  
ser du den gleda dei har.  
Barnet som engelen varsla,  
himmelen ned til dei bar.*

*Løft dine augo til krossen,  
der finn du barnet igjen.  
Han som bar syndene dine,  
han er den stjerna som brenn.*

Haldis Reigstad  
(Frå diktsamlinga Roser i snø)



## Leirar på Kvamsseter i 2001

### Leirleiarhelg

Nettverkshelg

Ski-weekend

Påskeleir

Familieleir

Sommarleir

Sommarleir

Barnebarn/besteforeldre

13-19 år

5.-8. klasse

5.-8. klasse

2.-5. klasse

5.-7. januar

9.-11. febr.

23.-27. febr.

6.-9. april

12.-15. april

22.-25. juni

25.-28. juni

26.-29. juli

## JA – VI STØTTER AKSJON HÅP:


Kjell Magne Bondevik, KrF, Marit Nybakk, AP, Magnhild Meltveit-Kleppa, SP, John Alveim, FrP, Svein Tindberg, Sigmund Groven, Tomm Kristiansen og Einar Lunde.



# Aksjon Håp



Det kan være at noen trenger en julegave i år?



*Gledelig jul!*

## ÅRETS JULEGÅVE Nestekjærleik i praksis

Søndag 10. desember får alle husstandar i Norge vitjing på dørene. 70.000 bøsseberarar kjem kringom for å be om ei gåve til fattige menneske over heile verda.

Aksjon Håp har som mål å samle inn 60 millionar kroner. Pengane som kjem inn skal nyttast til humanitære prosjekt i misjonens regi. Vi trur det er ein garanti for at pengane blir brukte best mogeleg at det er personar i lokalmiljøa som skal forvalta og kontrollera bruken av midlane på staden. Alle organisasjonar som er tilslutta Norsk Misjonsråd står bak denne innsamlinga.


Prosjekta har stor spennvidde. Det går frå smålån til kvinner i Bolivia slik at de kan etablere ei verksemd på eiga hand, til å gje heim til gateborn i Maputos i Mosambik, til helsearbeid, medisinar, skulegong, vannprosjekt, gje ny framtid for narkomane, kort sagt: Bistandsarbeid for heile menneske.

### 20. ÅRS JULEGÅVA TIL DEI FATTIGASTE.

Sønaag 10. desember mellom kl. 13-15 kjem det nokon på dørene i heile Arna. Då er det godt om nokon er heime og tek i mot bøssebærarane. Vi vonar alle vil vera med å gje eit handslag til dei fattige. Aksjon Håp skal vise at det nyttar å gje menneske hjelp og betre deira livssituasjon.

Ver med du og! Gje midlar. Engasjer vener og omgangskrets til å ta vel imot bøsseberarar. Dette er å skape meiningfull advent- og forjulsfeiring.

*For Aksjon Håp i Arna  
Kjell Nese*



Hjelp til gatebarn i Maputos slum i Mosambik

## Mennesker hjelper mennesker



# Ettåring (ungdomsarbeider) i Arna kyrkjelyd

Av Marit Skjeldal

En ettåring er en som gir et år av sitt liv til innsats for arbeid i en kyrkjelyd eller en organisasjon. Som kompensasjon for innsatsen dekkes kost og losji og i tillegg gis det lønnepengar.

Mange ble kjent med ettåringen vår Gro Søvde. Som de fleste av dere vet, sluttet hun her i Arna 30. juni i år etter å ha lagt ned mye arbeid i kyrkjelyden, mest blant de unge. Vi har selvsagt takket og feiret Gro for stor innsats i kyrkjelyden.


Fra 1. oktober i år har vi ansatt ny ettåring som heter Frank Schönberg. Han er 19 år og godt kjent i Arna. Han har vært med i ungdomsarbeidet i Ten Sing siden han var 15 år. Senere i nattkafeen og Kick off. Han vil bli i kyrkjelyden fram til 30. juni 2001. Hovedoppgaven til Frank er å delta i konfirmantarbeidet i samarbeid med kateketene Erik Rodal og Gudrun Cassel Noven. Det er viktig for kyrkjelyden å ta vare på konfirmantene slik at de kan finne seg til rette i konfirmanttiden og også etter at konfirmasjonen er over.

Frank stiller gjerne opp for å svare på noen spørsmål:

*Hvilke andre oppgaver har du i kyrkjelyden enn å jobbe med og for konfirmanter?*

Han oppsummerer slik:

– Jeg går fast på skolebesøk en gang for uken for å bli bedre kjent med elevene og da først og fremst konfirmantene. Når jeg møter konfirmantene på skolen, er de mye mer åpne enn når jeg møter de i konfirmanttimene. Noen liker godt å diskutere. Om fredagen leder jeg en bibelgruppe som skal være et tilbud for de som er ledere i ungdomsarbeidet. Meningen er at det skal være et sted der ungdomslederne kan få påfyll og mot til å fortsette i arbeidet.



Frank Schönberg

– Jeg deltar også på klubben for de psykisk utviklingshemmede. Her har jeg ansvar for det åndelige innholdet de gangene jeg er der.

– Videre deltar jeg på Ten Sing som tidligere, men oppgavene mine er annerledes enn før da jeg nå går inn mer som miljøarbeider.

– Jeg deltar i staben ved kyrkjekontoret, på stabsmøtene bl.a. og herfra blir jeg trukket inn i andre oppgaver etter

behov som ungdommenes representant. – Eldresenteret i kyrkjelydshuset besøker jeg også.

*Jeg har forstått det slik at du er opptatt av at unge og eldre må være mer sammen.*

*Hvorfor synes du det er så viktig?*

– Unge og eldre har fordommer i forhold til hverandre. Fordommene kan brytes ned ved at vi kommer sammen og blir bedre kjent. Vi har det viktigste felles og det er troen på Jesus. I møte med de eldre og også de på klubben lærer jeg stadig noe. Kanskje i forhold til det å være ydmyk overfor andre mennesker.

*Vil du til slutt si noe om utfordringer for dette året?*

– Vi må bevare konfirmantene og sørge for at de finner seg til rette. Jeg planlegger nå en konfirmantweekend i mars måned. Men før det, blir det nyttårsfest. Vi skal ha ungdomsmesse, som også vil passe for konfirmantene. Det vil bli flere Lovsangskvelder som vil bli lagt opp slik at de passer for unge og eldre. I tillegg arbeider jeg med planer om å arrangere en møteuke.

Ettåringen Frank har allerede kommet godt i gang med arbeidet. Vi i kyrkjelyden må sørge for at vi tar vel imot han.

# Givertjenesten i Arna

Høsten 1999 ble det opprettet en givertjeneste i Arna kyrkjelyd som hadde til formål å lønne ettåringen (ungdomsarbeideren).

Vi takker hjertelig alle som har vært med i tjenesten som faste givere eller som har gitt gaver mer sporadisk. Ca. 30 har vært faste givere. Givertjenesten har dekket 2/3 av kostnadene i forbindelse med ettåringen. Vi håper dere kan/vil fortsette som givere.

Vi har som mål å øke antallet givere dette året med 15 (50%) slik at givertjenesten vil dekke alle kostnadene.

Fra 1. oktober har vi fått en ny ettåring (Frank Schönberg som dere kan lese om

annet sted i bladet).

Vi inviterer alle i Arna som brenner for ungdomsarbeidet til å være med som givere. Små eller store gaver mottas med takk. Vil du melde deg som fast giver er det veldig fint, men hvis du ønsker å gi en gave en gang eller sporadisk er det også fint.

**Kontonummer til givertjenesten: 3633 07 10831.**

For Arna Sokneråd  
Marit Skjeldal  
adm. leder



## Minneord



**Kåre Hope** døde tysdag 17. oktober etter kort tids sjukdom. Han vart så fort borte, og vert så sakna av mange, noko den fullsette kyrkja i gravferda hans vitnar om.

Kåre Hope var født på Espeland ei veke før jul i 1924. Han gjekk på realskulen og tok handelsutdanning i Bergen. Etter ei tid i arbeid som kontorist, starta han opp med gravferdsbyrået. Dette vart livsoppgåva hans. Han sto på til siste dagen han var på føtene.

I dette arbeidet fekk han vera til hjelp for så mange i vanskelege og tunge situasjonar. Han var naturleg og liketil. Utstrålte trygghet og ro. Han var ikkje ein mann med mange ord, men alltid lyttande og tenestevillig.

Vi som har samarbeidd med Kåre Hope

i dei mange gravferdshandlingane i Arna og nabosoknene, veit kor grundig og seriøs han var i sitt arbeid. Alt var oversiktleg, trygt og gjennomtenkt. Vi er takksame for å ha hatt han som nær medarbeidar og venn.

Han var og ei støtte i kyrkjelydsarbeidet i sin heilskap. Det var sjølvsagt for han å vera med på gudtenester, og i så mange andre høve. Han var tenestevillig og gav støtte og oppmuntring. Nå hadde han så smått byrja å tenkje på å trappe ned litt. Det var ein del ting som han ville bruke tida til vidare saman med Ingrid og familien. Så var ikkje dagane fleire for han i denne verd. Tankane går til den nære og kjære familien hans. Til Ingrid som sit i sår sakn etter ein kjær og oppofrande mann, og til dykk som har mist ein støttande pappa, svigerfar og bestefar. I ljuset frå Kristi oppstode lyser vi fred over Kåre Hope sitt minne.

Kjell Nese



## NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



### Døyppte

#### Arna sokn:

- 22.10.: Inga Hestholm Rohde og Benjamin Martinsen Wågene, døypt i Trengereid kapell, Aina Hanstvedt, Annelen Gjerstad og Hanne Thunes.  
04.11.: Maria Enger Rødbotten.  
12.11.: June Trengereid Gruer, Emilie Hansen, Niklas Hasti Rutle og Jørgen Hirth.  
19.11.: Jon Erik Tolo, Amanda Sofie Svendheim, Bjørnar Thunes Michelsen.

#### Ytre Arna sokn:

- 12.11.: Andrine Lund Hjortland, Kim-Gerner Presthus Rassmussen



### Vigde

#### Arna sokn:

- 11.11.: Ole Arthur Askeland Hanstveit og Siv Toril Rønhovde.



### Døde

#### Arna sokn:

- 03.10.: Egil Sundland, f. 1920  
06.10.: Einar Davidsen, f. 1922  
17.10.: Kåre Bjarne Hope, f. 1924  
19.10.: Torbjørg Blomberg, f. 1909  
03.11.: Synnøve Norveig Skulstad, f. 1919  
10.11.: Erling Aaland, f. 1921  
10.11.: Oskar M. Johannesen, f. 1933

#### Ytre Arna sokn:

- 05.11.: Øyvind Andreas Wichstrøm  
28.09.: Borgny Johanne U. Kvamme

### Ofringar

#### Arna sokn:

- 15.10.: Keryx ..... kr. 5.518,-  
22.10.: Kyrkjelyden sin barnehage .....kr. 5.062,-  
29.10.: Kyrkjelydsarbeidet..... kr. 2.165,-  
05.11.: Barne- og ungdomsprosjektet ..... kr. 7.573,-  
12.11.: Dåpsopplæringsplanen kr. 5.205,-

#### Ytre Arna sokn:

- 15.10.: Kyrkjelydsarbeidet.....kr. 919,-  
22.10.: Kyrkjekoret .....kr. 3.623,-  
29.10.: Kirkens SOS .....kr. 1.340,-  
05.11.: Menighetsfakultetet .....kr. 2.680,-  
12.11.: Den Norske Sjømannsmisjon .....kr. 2.070,-  
26.11.: Kyrkjelydsarbeidet.....kr. 1.434,-  
31.11.: IKO .....kr. 2.163,-

### Retting

Vi seier oss leie for at vi i førre nummer av Kyrkjelydsbladet under vigde frå Arna sokn gav opp feilt namn på brudgommen for eitt av brudepara.

#### Rett oppføring skal vera:

- 08.07.: Inger Johanne Silgjerd og Sturle J. Monstad. Vigde i Nedstrand kirke.

### Neste nr. av Kyrkjelydsbladet

Fyrste nummer av Kyrkjelydsbladet i år 2001 kjem etter planen ut **31. januar**. Stoff til dette bladet kan leverast til kyrkjekontoret **innan 16. januar**.

## Kyrkjeskys

### HAUKELAND/UNNELAND

- 10. desember:**  
Sverre Myklebust .....tlf. 55 24 29 05  
**17. desember:**  
Ingrid Hope .....tlf. 55 24 08 08  
**25. desember - 1. juledag:**  
Jens Hauge .....tlf. 55 24 01 43  
**26. desember - 2. juledag:**  
Åshild Mæstad .....tlf. 55 24 00 42  
**1. januar:**  
Odmund Skjoldal .....tlf. 55 24 28 76  
**7. januar:** .....Sverre Myklebust  
**14. januar:** .....Ingrid Hope  
**21. januar:** .....Jens Hauge  
**28. januar:** .....Odmund Skjoldal

### ARNATVEIT/INDRE ARNA

- 10. desember:**  
Arne Håøy .....tlf. 55 24 03 26  
**17. desember:**  
Jørgen Eliassen .....tlf. 55 24 02 39  
**25. desember - 1. juledag:**  
Odd Kjos .....tlf. 55 24 17 82  
**26. desember - 2. juledag:**  
Turid Mjelde .....tlf. 55 24 28 71  
**1. januar:**  
Turid Mjelde .....tlf. 55 24 28 71  
**7. januar:**  
Jostein Monstad .....tlf. 55 24 32 20  
**14. januar:**  
Arne Håøy .....tlf. 55 24 03 26  
**21. januar:** .....Jørgen Eliassen  
**28. januar:** .....Odd Kjos

### TUNES/GARNES

- 10. desember:**  
Ragnar Aabrekk .....tlf. 55 24 25 27  
**17. desember:**  
Leidulf Almenning .....tlf. 55 24 25 52  
**25. desember - 1. juledag:**  
Kari Claussen .....tlf. 55 24 12 20  
**26. desember - 2. juledag:**  
Per Vie .....tlf. 55 24 07 26  
**1. januar:**  
Malvin Klementsens.....tlf. 55 24 29 56  
**7. januar:**.....Ragnar Aabrekk  
**14. januar:**.....Leidulf Almenning  
**21. januar:**.....Kari Claussen  
**28. januar:**.....Per Vie

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Kjell Nese**  
Prestegarden, 5260 Indre Arna  
Tlf. 55 24 02 72

**Kap. Trygve Johansen**  
Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 75 53

**Organist Arna**  
Christopher David Briggs  
Pb 161 Indre Arna  
5888 Bergen  
Tlf. 55 24 40 55

**Kontorfullmektig Arna**  
Ella Kaaresen  
Hølbekken 125, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 02 41

**Kateket Erik Rodal**  
Stuajordet 31, 5262 Arnatveit  
Tlf. 55 24 00 41

**Kyrkjetenar Arna**  
Jarle A. Sandvik  
Tlf. 55 24 04 00

**Organist Ytre Arna**  
Siri Brunvoll  
Vågsbotn, 5131 Nyborg  
Tlf. 55 18 45 29

**Kontorfullmektig Ytre Arna**  
Benthe Vevele Birkeland  
Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar Ytre Arna**  
Sylvi Sæle  
Skulev. 8, 5265 Ytre Arna  
Tlf. 55 24 88 93

**Adm.leiar**  
Marit Skjeldal  
Verkane, 5286 Haus  
Tlf. 56 39 00 51

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

**Redaktør:** Magne Mestad.

**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.

**Bladpengar:** Kr. 50,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 0805 31 04445.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

### ARNA PRESTEGJELD

**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.

**Kontortid:** Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jøbensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.

**Kontortid:** Opningstida er noko variabel for tida. Dersom du ikkje får svar, ber vi om at du tek kontakt med Arna Kyrkjekontor.

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.



## ARNA GRAVFERDSBYRÅ

Espeland



**Marit Hope – Randi Aga Hope**  
**Tlf. 55 24 08 08 – Mobiltlf. 945 01504**

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

### SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLGATEN 1

**55 90 19 80 hele døgnet**

*Kommer også hjem for samtale.*

J. Teigland – M. Hamre

## as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 **ØYRANE TORG** 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget*

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i **Arna**  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
**55 32 55 50**

***Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris***

## FØRERKORT KL. B

– Fornøyde kunder  
– Trygge sjåførere

Tlf. 55 24 00 83/93 06 96 00



ERIK  
**STEPHANSEN**  
TRAFIKKSKOLE

HVORDAN HAR DU DET  
*egentlig?*

 **Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

## Spesialforretning i blomster

Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.

Pynting av kirke,  
konsert- og forsamlingslokaler.

### Espeland Gartneri

5267 ESPELAND TLF. 55 24 08 09  
ARTHUR HOPE

## Din lokale storbank i Arna!

### KREDITKASSEN

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

 **Kleveland A.S.**  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

Vi reparerer alle typer  
husholdningsapparat.  
Monterer TV-antennere,  
også TV 2.

**Litangen**  
**Husholdningsservice,**  
**Garnes**  
**Telefon 55 24 02 87**



# Velkommen til kyrkje

- 10.12. 2. s.i advent – Mark. 1,14-1  
Arna kl. 11.00: Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Aksjon Håp. Kyrkjekaffi.  
Arna kl. 17.00: JULEKONSERT v/Unnelandskoret.  
Arna kl. 20.00: JULEKONSERT v/Unnelandskoret.  
Ytre Arna kl. 11.00: UNG MESSE. Trygve Johansen. Takkoffer til aksjon Håp 2000.  
Unneland kl. 18.00: LYSMESSE. Kjell Nese og Erik Rodal. Konfirmantar tek del.
- 14.12. Arna kl. 18.00: Rostadheimen. Julespel.
- 15.12. Arna kl. 19.00: «Julebudskap og juleglede» v/sanggruppen Joy.
- 17.12. 3. s.i advent – Matt. 11,2-10  
Arna kl. 11.00: Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet  
Arna kl. 18.00: Konsert v/Garnes skulekorps.  
Ytre Arna kl. 17.00: Trygve Johansen. Kyrkjekonsert. Kyrkjekoret. Arne Musikkforening.  
Arne Sangforening. Kollekt.
- 19.12. Arna kl. 09.00: Skulegudsteneste for Ådnamarka skule.  
Arna kl. 10.30: Skulegudsteneste for Lone skule.
- 20.12. Arna kl. 09.30: Skulegudsteneste for Tunes skule.  
Arna kl. 19.00: «Vi synger julen inn» v/Arna kyrkjekontor.
- 21.12. Arna kl. 08.15: Skulegudsteneste for Garnes ungdomsskule.  
Arna kl. 10.00: Skulegudsteneste for Garnes skule.
- 22.12. Arna kl. 22.00. KONSERT v/Haukeland Songlag.
- 24.12. Julaften – Luk. 2,1-14  
Arna kl. 12.30: FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kl. 13.45: FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Barnerøster deltar.  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kl. 15.00: FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Betania barnekor.  
Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Arna kl. 16.15: FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Garnes Skulemusikkorps.  
Takkoffer til Diakoniutvalet.  
Ytre Arna kl. 15.00: FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Barnekoret. Ytre Arna Skulemusikklag. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Ytre Arna kl. 16.15: FAMILIEGUDSTENESTE. Kjell Nese. Barnekoret. Ytre Arna Skulemusikklag.  
Trengeid kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE. Audun Tang. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.  
Takvam kl. 13.00: FAMILIEGUDSTENESTE. Audun Tang. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- 25.12. 1. juledag – Joh. 1,1-14  
Arna kl. 11.00: HØGTIDSGUDSTENESTE. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.  
Ytre Arna kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Trygve Johansen. Nattverd. Kyrkjekoret.  
Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
- 26.12. 2. juledag – Matt. 10,17-22  
Arna kl. 11.00: UNG MESSE. Olav Vikse. Keryx. Nattverd. Takkoffer til Ungdomskoret.  
Trengeid kl. 11.00: Høgtidsgudsteneste. Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.
- 31.12. Nyttårsafta – Luk. 13,6-9  
Arna kl. 23.15: Midnattsmesse. Kjell Nese. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 23.15: Midnattsmesse. Trygve Johansen. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 01.01. 1. nyttårsdag – Luk. 2,21  
Arna kl. 11.00: Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer.
- 07.01. Kristi openberringsdag – Jes. 60,1-6  
Arna kl. 11.00: Kjell Nese. Nattverd. Misjonssøndag. Takkoffer.  
Ytre Arna kl. 11.00: Trygve Johansen. Nattverd. Offer til Israelsmisjonen.
- 14.01. 1.s.e. Kr. op.d. – Matt. 3,13-17  
Arna kl. 11.00: Kjell Nese og Klaus Muff i samband m/nyttårsmøtet til Nordhordlands Indremisjon. Dåp. Takkoffer til Nordhordlands indremisjon.  
Trengeid kl. 11.00: Trygve Johansen. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.
- 21.01. 2.s.e. Kr. op.d. – Joh. 2,1-11  
Arna kl. 11.00: FAMILIEGUDSTENESTE. Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer.  
Ytre Arna kl. 11.00: Kjell Nese.
- 28.01. 3. s.e. Kr. op.d. – Joh. 4,46-54  
Arna kl. 11.00: Kjell Nese. Dåp. Takkoffer.  
Ytre Arna kl. 11.00: Vikarprest. Nattv. Takkoffer.